



Ragnar Hindenes
Svindalsvegen 46
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1259 - 18/15990

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.05.2018

Registrert feil/mangel etter gjennomført slamtømming - gbnr 24/37 Fammestad

Lindås kommune har motteke melding frå Norva 24 Birkeland om at det ved gjennomført slamtømming er registrert lekkasje frå slamavskiljaren på eigedommen gbnr 24/37.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Det er utbygd kommunalt vass- og kloakkanlegg i området. Bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går over eigedomen, i veg som grensar til eigedomen eller over nærliggande areal, skal etter plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd knytast til dei offentlege leidningane.

Eigedomen er registrert tilknytt kommunal vassforsyning. Kommunen har ingen opplysningar om avløpsanlegget for eigedomen og ber om tilbakemelding på om eigedomen også er tilknytt kommunalt kloakkanlegg. Dersom eigedomen er tilknytt kommunalt kloakkanlegg er det vanlegvis ikkje ønskjeleg og heller ikkje nødvendig å la avløpet gå gjennom slamavskiljar.

Vi ber om tilbakemelding på kva avløpsløyving eigedomen har innan **15. juni 2018**.

Tilbakemelding sender du til postmottak@lindas.kommune.no eller Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Eventuelt krav om tilknytning til kommunalt kloakkanlegg og/eller utkopling av slamavskiljaren og frist for gjennomføring av arbeidet vert sett når tilbakemelding på kva avløp eigedomen har ligg føre.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller du har andre merknader, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er gitt over.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eining for teknisk drift

Mottakarar:

Ragnar Hindenes

Svindalsvegen 46 5913

EIKANGERVÅG